



Fyresdal kommune
Sektor for plan og teknikk

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Melding om vedtak

Dykkar ref:

Vår ref
2016/1018-12

Saksbeh:

Einar Mikkelsen, 35067132
einar.mikkelsen@fyresdal.kommune.no

Arkivkode:

S11

Dato:

22.09.2017

Uttale til Bjørnstadåi kraftverk

Syner til vedlagte særutskrift/uttale

Med helsing

Einar Mikkelsen
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift



Fyresdal kommune

Arkiv: S11
 Saksmappe: 2016/1018-8
 Saksbeh.: Einar Mikkelsen
 Dato: 23.08.2017

Saksframlegg

Uttale til Bjørnstadåi kraftverk

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for plan og miljø	30/17	19.09.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: PM-utvalet

Dokument i saka: Søknad og utgreiing
 Høyringsbrev NVE

Bakgrunn for saka:

NVE har motteke søknad frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 4 småkraftverk i Fyresdal kommune.

NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla.

Komplett søknad ligg her:

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201303154/2041829>


Kommunen var på synfaring med høyringspartane i veke 36.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020, arealforvaltinga skal ta omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar.

Det er uheldig at det kjem 4 saker samla frå NVE, når det tillegg er høyringsfrist i sommarferien. Opprinneleg høyringsfrist var 25.08.2017, men det er søkt om og gjeve utsetting av denne fristen til 9.09.2017, dette for å kunne ha sakene i PM-utvalet.

Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på om lag 2300 m i Bjørnstadåi og 3600 m i Gjerdeåi. Det er planlagt ei minstevassføring på 20 l/s i Bjørnstadåi heile året. Til samanlikning er 5-persentilverdiane for sommaren på 15 l/s og 11 l/s om vinteren. NVE skriv at det er ikkje planlagt minstevassføring i Gjerdeåi.



Tiltaksområdet vurderes å ha liten verdi for fisk og ferskvannsorganismer. Som avbøtende tiltak er det anbefalt at minstevassføring aukast i sommersesongen.

Kommunen finn at prosjektet gjer meir nytte enn ulempe når ein ser samla på prosjektet. Ein ser ikkje at det i dette høvet er så store inngrep at ein skulle gå imot desse utbygginga. Det er viktig at utbygginga vert gjort med god terrengtilpassing og at ein får ein god revegetering. I tillegg sjå på avbøtande tiltak som er omtala i konsekvensvurderinga. Etter synfaring er ein er noko i tvil

om overføring av Gjerdeåi er godt nok utgreidd. Det er Gjerdeåi som har dei største naturverdiane og raudlisteartar, samt at myrområder vert berørt ved rørgjennomføringar.

Innstilling frå rådmannen:

Kommunen er positiv til Bjørnstadåi kraftverk, men er noko i tvil om overføring av Gjerdeåi er godt nok utgreidd og rår til at den kan gå ut, i det minste må det her leggst inn minstevassføring.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Kommunen er positiv til Bjørnstadåi kraftverk, men er noko i tvil om overføring av Gjerdeåi er godt nok utgreidd og rår til at den kan gå ut, i det minste må det her leggst inn minstevassføring.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Einar Mikkelsen
	senioringeniør